



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	22/153

Saksnr	Utval	Type	Dato
033/22	Formannskapet	PS	05.04.2022

Delegerte saker teknikk og miljø

Underliggjande saker:

007/22. Om søknad Ett trinns søknad Kremmarholmen 43-45-47

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 21-7 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Søknaden Ett trinns søknad Kremmarholmen 43-45-47 datert 10. februar 2022, er ikkje i samsvar med bestemmelser gjeve i plan- og bygningslova med forskrifter. Fristen for kommunen si sakshandsaming vert då 12 veker.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 21-4 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Fedje kommune set som vilkår at byggesaksgebyret er betalt før det vert gjeve byggeløyve i saka Ett trinns søknad Kremmarholmen 43-45-47.

008/22. Løyve til frådelling i felles utmark til gnr. 169, bnr. 2, 15, 16 og 17. Tilleggsareal til bnr. 49.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20, plan- og bygningslova § 20-1 punkt m, § 21-4, §26-1 og § 12 i jordlova, gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Sigrig Trygg, Anne Lura, Vigdis Olsnes Sjøilen, Mona Olsnes, Jan-Normann Olsnes, Bjarte Moldøy, Margaret Sundfjord, Oddmund Sundfjord og Rune Sundfjord får løyve til å frådela ein parsell frå felles utmark til gnr. 169, bnr. 2, 15, 16 og 17. Frådelte areal er på om lag 235 m² og er tilleggsareal til gnr. 169, bnr. 49.



Fedje kommune

Løyvet har følgjande vilkår :

Då frådelt areal skal vera tilleggsareal til bnr. 169, bnr. 49, vil Fedje kommune krevja samanslåing av frådelt areal og bnr. 49, når frådelt parsell har fått same eigar som bnr. 49.

Lovheimel : § 21-4, 6. ledd, i plan- og bygningslova.

Løyvet gjeld i 3 år. Oppmålingsforretning må rekvirerast før løyvet går ut.

009/22. Løyve til deling av gnr. 169, bnr. 55.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20, og plan- og bygningslova § 20-1 punkt m, § 21-4 og § 26-1 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Fedje kommune får løyve til å frådela ein eigedom frå gnr.169, bnr. 55 i samsvar med delingsplan datert 9. januar 2022. Frådelt areal skal nyttast til tomt for fritidsbustad.

Løyvet gjeld i 3 år. Oppmålingsforretning må rekvirerast før løyvet går ut.

010/22. Løyve til deling av gnr. 169, bnr. 133.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20, og plan- og bygningslova § 20-1 punkt m, § 21-4 og § 26-1 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Fedje kommune får løyve til å frådela ein parsell frå gnr. 169, bnr. 133 i samsvar med delingsplan datert 7. februar 2022. Frådelt areal er på 2293 m².

Løyvet gjeld i 3 år. Oppmålingsforretning må rekvirerast før løyvet går ut.

011/22. Løyve til å bygga naust på gnr. 169, bnr. 144.

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 21-4 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Byggmester Borge AS får rammeløyve og igangsettingsløyve til å bygga naust, terrasse/kai og



Fedje kommune

båtopptrekk på gnr. 169, bnr. 144. Når det gjeld terrasse/kai, gjeld søknaden den delen av terrasse/kai som har omriss i blå strek på plan motteke i kommunen 9. mars 2022. Roy Arne Nilsen er tiltakshavar.

Byggmester Borge AS har levert erklæringar om ansvarsrett i samsvar med § 23-3 i plan- og bygningslova.

Alt arbeid vert godkjent som arbeid i tiltaksklasse 1. Lovheimel : § 9-3 i byggesaksforskrifta.

Naustet kjem 1,0 m frå eigedomsgrensa.. Fedje kommune gjev i samsvar med § 29-4, tredje ledd, punkt b i plan- og bygningslova, løyve til plassering av 1,0 m frå eigedomsgrensa.

Løyvet har følgjande vilkår :

Avkøyrsløse og parkeringsplass skal vera opparbeidd før det vert gjeve ferdigattest på naustet. Lovheimel § 27-4 i pbl.

Uordna fylling i strandsona vert ikkje akseptert. Avslutning av fylling i strandsona skal vera bygd som natursteinmur med same estetisk kvalitet som dei som er nemnde i saksutgreiinga. Lovheimel er § 29-2 i plan- og bygningslova. Dersom det vert nytta steinfylling, må det klargjerast kven som er ansvarleg.

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Formannskapet - 033/22

F - behandling:

F - vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.



Fedje kommune

Samrøystes vedteke.